

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70 Fylke: Sör-Tröndelag
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hemne
 Emne: Frå robåt og segl til motor Bygdelag: Likroken
 Oppskr. av: Arne Södal Gard: Kveldsro
 (adresse): Kyrksäteröra G.nr. 111 Br.nr. 7 - 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det har frå gammalt vore fleire ulike båttypar i bygda. Mest kjende er "fyringen", med fire årepar, seksæringen, med tri årepar, og færingen, med to par årer. Etter fasong og utsjånad har det vore tala om "åfjording", "ranværing" og "geitbåt. Åfjordingen var smal og høgreist, medan geitbåten var meir flå og breibygda. Åfjordingen var lett for seglet, det same med ranværingen, medan geitbåten låg støare på vatnet og bar betre. Fullt mannskap måtte da vera ein mann til kvar åra. Og skulle det vera retteleg god skyss, som t.d. når embetsmenn var ute og ferdast, så skulle det og gjerne vera dubbelt mannskap, så dei kunne bytast med å ro kvar sin törn. Når snillfjordingane skulle til kyrkje t.d., så var det vanleg brukvis at dei bytte på med roren, kvinnfolka likesåvel som karfolka. Og så delte dei opp vegen i bolkar. Ved det og det neset skulle dei skifte. Var det lang veg, og mykje folk, som ved bryllop o.l., så måtte det vera stor båt, helst fyring. Men elles så var det helst færing eller seksæring som vart nytta. Likeins til småfiske heime med strendene. På småfiske heime i fjorden gjekk det rett ende fram til. Og noko sers opplæring vart det ikkje spørsmål om. Ungguten lærde fort dei ömse tak og vendingar med å anse etter kor dei eldre bar seg åt. Det trongst nok ikkje så mange ord til det. Skårunge og slike ting vart det ikkje tale om, anna for dei som tok ut på storfiske. I eldre tid så var det nok heller vanleg at folk her frå bygda for ut i væra om vintrane på sild- og skreifiske. Nista seg da ut slik som skikken var og låg ute i månadsvis. Men det er det no praktisk tala slutt med. I det heile er det no færre og færre som driv fiske som heilårsyrke her i bygda.

Nokon sers rangsskilnad på fiskarbåtane veit ein ikkje om, anna at det var ein hövesmann som hadde kommandoen og fastsette kva kvar mann hadde å gjera. Han var det og som sat med roret til vanleg. Utroren frå væra kunne ofte vera både tung og lang, når det var motbör eller stille. Elles så var det seglet å lite på. Gamle lærar Kjönsvik i Vinje som fortel om dette, seier at fangsten vart oftast delt likt på vår fisket. Somme tider kunne båteigaren få litt meir. Fisket i Vinjefjorden var helst sildefiske om sommaren, og torskefiske med garn frametter vårem. Til dette vart brukt småbåtar, helst færingar. Var det landnotfiske, vart større båtar brukt, med seks mann ved årane. Og så var det to notsetjarar, 3-4 mann på "spellbåten", og to mann på land, dreggkarar. 14 - 16 mann i alt.

~~Måte~~

15250

Kjønsvik fortel at det var i 1910 at første motorbåten kom til Vinjefjorden, kjøpt i lag av to mann frå bygda, bonde Ole Sörli og kjøpmann Jakob Fjelnset. Den var ikkje tenkt til fiskarbåt, men som skyssbåt. Dei hadde han elles berre 3-4 år, og så vart han seld. Fiskar Håkon Hofset kjøpte så ein motorbåt i 1924. Han var omlag 28 fot lang, og vart brukr både til fiske og til frakting. 3 - 4 år etter kjøpte John Bjerknes ein motorbåt, omlag 24 fot. Han vart brukt til fiske, både på heimefiske i fjorden og ute i Smölaværa om vintra- ne. Men frå 1931 vart det slutt med utroren til væra frå Vinje. Utover trettiåra var det ein og annan som rådde seg motorbåt, men det var først etter siste verdskrig at motoren vart vanleg i Vinjefjorden. No er det mest ikkje andre båtar å sjå. Reint eit sersyn å sjå nokon som ror. Og aldri ein seglar å sjå lenger. Slik fortel Kjønsvik frå Vinje.

I Hemnefjorden har overgangen frå robåt til motorbåt gått omlag paralelt med dette. Peder Vollan var den første her som kjøpte motorbåt. Det var "Harald", omlag 35 fot og med 12 hesters motor - "Möringen". Det var i 1915. Han vart mest brukt til skyssbåt, men seinare var han og nytta på fiske, i Gjeslingan. Han vart i 1928 utbytt med "RUTH", 36 fot, med 12 hestes motor, "Union". Vollan var litt av ein føregangsmann, Attåt at han hadde ein bra gard, dreiv han med steinstøyping, og såa fikk han i lag med ein annan i gang eit lite båtbyggeri. I 1929 kjøpte han ein 70 fot lang lastebåt og dreiv med frakting langs kysten.

Lars Holmen kjøpte i trettiåra ein motorbåt for reke- tråling. Seinare gikk han over til kvalfangst.

Ola Strand frå Röstkvervet, ytst i Hemnefjorden, fortel at første motorbåten han såg var ein med ein firehestes "Dana" motor. Så tidleg som 1908 var det ikkje anna enn seglbåtar å sjå i Hemnefjorden, seier Strand. Men under første verds- krigen motorbåtane til å koma. På sildefisket unger denne krigen var det mest berre slike. Da vart det nemleg fleire og fleire som rådde seg motor i båtane sine. Men på skrei- fisket tok det lenger tid. Der var det mindre råd, seier Strand. Under første verdskrigen var det og fleire som for over til Island på fiske, med motorbåt.

Strand fortel at Nils Snekkvik var den første som fikk seg motorbåt der i Röstkvervet, kring 1915, ein på 35 fot. Kjøpte i lag med to andre. Han meiner det var den første i Hemne. Den hadde ein ti-hestes "Lysekil" motor. Den andre m.båten i Röstkvervet var "Håbet", som Strand sjöl kjøpte. 34 fot og med 6 hestes "Lysekil" motor.

Johannes Dromnes, frå skipsleia ut mot Hitra, trur at det var kring 1901 at første motorbåten gjekk gjennom Drom- nessundet.

John Klungervik fortel at han trur at Bin Skarsvåg frå Hitra var den første som var inn i Hemnefjorden med mo- torbåt, og det var før første verdskrigen.

Johannes Dromnes fortel at Ola Berg frå Kjörsvikbugen kjøpte første motorbåten der i 1910. Og året etter kjøpte tri and- re der i Kjörsvikbugen i lag "Kvik", 38 fot, med ein 8 hestes "Dan" motor. Og i 1912 ein ny, "Fiskaren", 37 fot. Desse båtane var bygde i Romsdalen.

Anders Klungervik at eit lag på Krokstad i Snillfjorden kjøpte ein motorbåt saman i kring 1920, og det trur han var den første å der i fjorden. Han var kjøpt og nytta som skyssbåt.

Desse som først rådde seg motorbåt var gjerne folk som var noko framføre si tid, som såg lenger enn dei fleste og hadde meir framtak og tiltak. Snekkvik i Röstkvervet t.d. var ein slik. Og så var det gjerne det at dei og hadde noko noko betre økonomisk grunnlag å bygge på, slike som Sörli

02571

og Fjelnset i Vinje og Vollan på Kyrksæterøra.

Når det gjeld spørsmålet om kor dei fikk kjennskapen til motoren frå, så er å seie at det kom litt ~~om~~ om senn, "av seg sjöl!" Trur knapt at ein einaste ein var stad og fikk opplæring i motorbruk. Dei lærde av kvarandre - som t.d. når framande båtar kom til bygda. Og så var dei vel utom bygda og råka andre som kunne gje dei litt rettleiing. Og med det så fikk det nok greie seg. Litt vrangt kunne det vel vera til å byrje med, og noko kluss kunne det nok og bli, men litt med kvart så kom både kjennskapen og tamen. Jau det hende vel og at ein hadde vore heimanfrå, kanskje heilt til Amerika, og hadde med seg kjennskap og røymsler heimatt.

Agentar for motorar har eg aldri høyrte gjete, men det kunne vel ha hendt at slike har gjesta bygda og. Men helst gjekk det for seg slik at dei som var interesserte i kjøp, gjorde seg tur til "byn", og gjorde handelen der. Eller dei kunne kjøpe ein brukt båt av ein dei råka fram.

Nokon motorverkstad for reparasjon fanst ikkje her enda, så når det vart spørsmål om slikt, så måtte dei fara ut or bygda, helst da til Trondheim. Men no har det lenge vore slik verkstad her på Kyrksæterøra, og der dei no kan gjera det meste av slikt arbeid.

Dei fleste måtte nok låne til slike kjøp, i alle fall noko av kjøpesummen. Og det er truleg at kommunen i somme tilfelle har ytt stönad eller lån. Men dei fleste som rådde seg båt med motor, var gjerne foåk som sto seg bra økonomisk og greidde opp med kjøpet sjölve, serleg når dei var fleire i lag om handelen.

Ja ein kan nok gå ut frå at dei gode tidene under og etter den første verdskrigen skuva på denne overgangen frå robåt til motorbåt. Det var "gode tider" med noko romslegare økonomi, og folk såg seg heller syn med å greie slike utlegg. Det tyder og det på at det just var kring og under første verdskrigen at denne omstillinga gjekk for seg.

Til å byrje med så var motoren tenkt berre som attåthjelp. Difor var desse første som kom i bruk berre små, på 8 - 12 hestar. Det var til å ta seg fram i vindstilla og til å koma seg inn til hamn med o.l.

Hekst vart motoren sett i litt større båtar med dekk. Først i seinare tid er det vorte vanleg å ha motor i småbåtar. No er det såleis praktisk tala ikkje ein småbåt lenger utan motor. Og litt etter kvart verka denne nye framdrifta og inn på fasongen på båtane. Dei vart med kvart stuttare i høve til breidda, og meir sterkbygde. Mast og segl var til å byrje med alltid med på motorbåtane og, og har så vore til siste tid. Men no så er seglet botte for godt, og masta er og vorten heller stutt. Motorane er no så driftssikre at folk finn det ikkje naudsynt lenger å dra på segl og master.

Her i Hemne trur eg ikkje det har vore så mykje av uvilje og redsle for motoren som ein høyrde om frå andre kantar. Litt mistru og otte var det nok her og til å byrje med, men ikkje så at det gav seg serleg drastiske utslag. Og det gjekk i alle fall ikkje lenge før det gav seg heilt. Folk fikk snart augo opp for kor makelaus nytteleg og god ei hjelp dette var både for fiskaren og andre som skulle ta seg fram på sjöen. Ein og annan grinebitaren kunne det sjölsagt vera som gav ondt frå seg og sputta arg etter desse båtane når dei for framom, men alle med sunn sans kapitülerte helle fort. Og snakket om silda som skulle bli så skræmd av motof-duren, det stilna heller fort. Anders Klungervik fortel at det i desse åra ein gong kom eit skriv til Hemne heradstyre ~~om~~ frå Orland fiskarlag, om dei ville vera med på ein aksjon for å få forbod mot motor i fiskarbåtar. Og

4

Enda var det ikkje betre med synet på dette^{ann} at det var alle så nær som to, han og ein til, som røysta ~~not~~ ein slik aksjon.

Av dei som rådde seg motor i båtane sine var det få og ingen som skilde seg med han att av di dei var misnøgde med han og meinte han var dei til tap og skade. Det var vel heller tvertom. Når dei tenkte på alle dei gongene dei hadde slete og rodd i uver og motbör, og no sat der og hadde det godt og lettvtint, så kunne dei vel ikkje anna enn å prise denne vesle flinke hjelpesmannen som så trufast og snögt skuva dei fram. Og no er det som sagt ikkje ein småbåt lenger mest utan at der er motor. Ungdom som veks opp no kan beint fram ikkje å ro, for ikkje å snakke om segle.

Ein annan ting som fylgde med var at ein kunne spare mykje på mannskapet mot för. Kjönsvik fortel såleis at medan dei för rekna med 15-16 mann til eit landnotbruk, så greier det seg no med ~~de~~ det halve. Og noko tilsvarande er det nok på andre felt og.

Da Hemne ikkje er noko fiskardistrikt lenger, og eg bur noko langt oppi bygda, så er eg ikkje den rette til å gjera noko meir utförleg greie for denne omstillinga som fylgde med motorbåten og dei fylgjene dette fikk på arbeidsliv og arbeidsmåtar. Så det lyt vera med dette. Skulle ein få dette meir utförleg, måtte ein vende seg til nokon som har vore meir i personleg kontakt med det. Og av slike er det nok ikkje godt å finne så mange i Hemne no, da fisket her snart er ei soge ~~zzzz~~ berre.

Kyrksäteröra i mars 1960.

Anne Södal